



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Referat

Utval: Fitjar sokneråd

Møtestad: Kyrkjestova

Dato: Onsdag 25. september 2019

Tid: Kl. 18.30

Møtenr: 6/2019

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

Faste medlemmer som har møtt:

Namn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	Leiar N.B. Ord for dagen
Rasmus Fitjar	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Gunvald Aarbø	Medlem
Roald Drønen	Sokneprest
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant
Harald Rydland	Kyrkjeverje

Forfall:

Namn Funksjon:

Bodil Nesse Medlem

Sindre Aarbø Medlem

Varamedlemmer som møtte:

Namn: **Funksjon:**

Peder Rygg Drønen 1. varamedlem

Aase Rygg Nøttveit 5. varamedlem sak 40/19, 41/19 og 34/19

Varamedlemmer som ikkje møtte

Namn Funksjon

Arne Prestbø 2. varamedlem

Solbjørg Larsen Tverderøy 3. varamedlem

Tove Helen L Aarskog 4. varamedlem

Svein Arne Theodorsen Vara for soknepresten

Agnar Aarskog Vara for kommunal representant



Sakliste:

Saksnr. Tittel

**Sak for kommunal
representant**

Saksnr.	Tittel	Sak for kommunal representant
S-34/19	Revisjonsmelding og disponering av overskot	X
S-35/19	Permisjon for kyrkjeverja	X
S-36/19	Vikar for kyrkjeverja	X
S-37/19	Referat frå sist møte	X
S-38/19	Meldingssaker	X
S-39/19	Open post	X
S-40/19	Evaluering av soknerådsvalet	
S-41/19	Arrangement i kyrkja sin regi	

Sak 34/19: Revisjonsmelding og disponering av overskot for 2018

Framlegg til vedtak:

Fitjar sokneråd godkjenner rekneskapet for 2018 som er gjort opp med eit overskot på kr. 449.044,-.

Overskotet vert disponert slik:

Avsett til eigenkapitalinnskott i KLP, kr. 8.867,-

Avsett til fond for ungdomsarbeid, kr. 57.791,-

Avsett til disposisjonsfond kr. 382.386,-

Behandling i Fitjar sokneråd:

Rekneskapet er endeleg avslutta og revisor har gått gjennom det. Rekneskapet viser eit resultat på kr. 449.044,-. Elles er det i rekneskapet ein udekka sum for finansiering av investeringar som gjeld eigenkapitalinnskott i KLP på kr. 8.867,-. Overskotet er stort sett grunna vakante stillingar.

Vedtak:

Vedtak som framlegg.

Sak 35/19: Permisjon for kyrkjeverja

Framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak vert lagt fram i møte.

Behandling i Fitjar sokneråd:

Harald Rydland fråtredde møtet under behandling av saka.

Etter at resultatet frå kommunevalet vart klart er det inngått ein politisk avtale som inneber at Harald Rydland skal vera ordførar i Fitjar dei neste fire åra. Sjølve valet skal gjennomførast på det konstituerande kommunestyremøte som skal haldast den 16. oktober.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

På bakgrunn av dette har Harald søkt om permisjon utan løn frå stillinga som kyrkjevevjerje i Fitjar frå 16. oktober 2019 til 31. oktober 2023. Harald har vore tilsett i 50 % stilling sidan 1. januar 2014. I kommunelova sin § 40 er det fastsett kva rettar folkevalde i kommunestyret har når det gjeld permisjon. Nedanfor er det teke inn eit utdrag frå lovteksten

§ 40. Rett og plikt til å delta i møter i kommunale og fylkeskommunale organer. Inhabilitet. Rett til dokumentinnsyn.

1. Den som er valgt som medlem av kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ, plikter å delta i organets møter, med mindre det foreligger gyldig forfall.

Arbeidstaker har krav på fri fra arbeid i det omfang dette er nødvendig på grunn av møteplikt i kommunale eller fylkeskommunale folkevalgte organer. Arbeidstaker har også rett til permisjon fra sitt arbeid i fire år eller for resten av valgperioden for å utføre heltids- eller deltids kommunalt eller fylkeskommunalt verv.

Vedtak (samrøystes):

Søknaden er innfridd. Soknerådet gjev Harald Rydland permisjon frå stillinga som kyrkjevevjerje frå 16.oktober 2019 til 31.oktober 2023.

Sak 36/19: Vikar for kyrkjevevjerja

Framlegg til vedtak:

1. Jan Overweg vert tilsett i 35 % stilling som vikar for kyrkjevevjerja i Fitjar for perioden 1. januar 2020 – 31. oktober 2023. Soknerådsleiar får fullmakt til å inngå tilsetjingsavtale som omhandlar løn og andre vilkår for arbeidsforholdet.
2. Elisabeth Søndena Oma vert leigd inn som administrativ hjelp på kyrkjekontoret frå no og fram til det er komme på plass ei meir permanent ordning
3. Saka om utlysning og tilsetjing av meir administrativ hjelp på kyrkjekontoret, vert oversendt til det nye soknerådet.

Behandling i Fitjar sokneråd:

Når Harald Rydland får permisjon frå stillinga som kyrkjevevjerje, må det setjast inn vikar for å utføra dei oppgåvene kyrkjevevjerja har i dag.

I dag er det ingen av dei tilsette i Fitjar sokn som har full stilling. Etter arbeidsmiljølova har deltidstilsette på visse vilkår rett til å auka opp stillinga, framfor at arbeidsgjevar føretekk utlysning og nyttilsetjing. Arbeidsmiljølova seier:

§ 14-3. Fortrinnsrett for deltidsansatte

(1) Deltidsansatte har fortrinnsrett til utvidet stilling fremfor at arbeidsgiver foretar ny ansettelse i virksomheten. Fortrinnsretten kan også gjelde en del av en stilling.

(2) Fortrinnsretten er betinget av at arbeidstaker er kvalifisert for stillingen og at utøvelse av fortrinnsretten ikke vil innebære vesentlige ulemper for virksomheten.

(3) Før arbeidsgiver fattar beslutning om ansettelse i stilling som arbeidstaker krever fortrinnsrett til, skal spørsmålet så langt det er praktisk mulig drøftes med arbeidstaker, med mindre arbeidstaker selv ikke ønsker det.

(4) Fortrinnsrett etter § 14-2, med unntak av § 14-2 andre ledd første punktum, går foran fortrinnsrett for deltidsansatte.

(5) Tvist om fortrinnsrett for deltidsansatte etter § 14-3 avgjøres av tvisteløsningsnemnda, jf. § 17-2.

Kantor Jan Overweg har i dag 65 % stilling i Fitjar sokn. Han er interessert i å auka opp til 100 % stilling og å vera vikar som kyrkjevevjerje, i tillegg til å ha den opphavelige stillinga som kantor. Jan har høg kompetanse på mange felt og vil kunna gå inn i dei fleste oppgåvene som kyrkjevevjerja til no har hatt ansvar for, utan noko omfattande opplæring.



DEN NORSKE KYRKJA
Fitjar sokn

Jan har i dag 35 % stilling i Stord kyrkjelege fellelsråd og har oppseiingstid på tre månader der. Difor kan han ikkje ta til i full stilling i Fitjar før etter nyttår.

Dersom Jan aukar stillinga si til 100%, vil det framleis vera bruk for meir administrativ arbeidskraft.

Elisabeth Søndena Oma, som tidlegare har gjort ein svært god jobb på kyrkjekontoret, kan gå inn i eit vikariat på timebasis frå 16.oktober til nyttår for å hjelpe i den akutte situasjonen. Tilsetjing av meir administrativ hjelp kan gjerast av det nye soknerådet når ein har fått fram meir kunnskap om økonomi og den nye arbeidsfordelinga på kyrkjekontoret.

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg.

Sak 37/19: Referat frå sist møte

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 14. august 2019.

Referatet frå møte den 14. august vart etter møtet sendt til medlemane for godkjenning. Det endelege referatet er etter godkjeningsprosessen lagt ut på kyrkja si heimeside.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 14.august 2019, men med kommentar om at det ikkje bør stå at kommunal representant har meldt forfall når det ikkje har vore saker han treng vera med på.

Sak 38/19: Meldingssaker

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

1. Rekneskap for første halvår 2019
Rekneskapen ser ut til å stemma godt overeins med budsjettet.
2. Prostidag på Bremnes 24. oktober.
Prosten inviterer nytt og noverande sokneråd til prostidag på Bremnes. Tema vert diakoni. Kvelden vert avslutta med gudsteneste.
3. Stabssamling
Staben har hatt samling på Vågslid. Det var nyttig å komma vekk og få ro på seg til å jobba saman.
4. Lunsjseminar den 31. oktober.
Roald Drønen informerte om lunsjseminar han jobbar med å laga. Dette vert på HVL på Stord. Næringslivet er spesielt inviterte.
5. Søknad om støtte til lunsjseminar
Soknerådet har fått søknad om å støtte lunsjseminaret med kr 2000,-

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg. Soknerådet innvilga søknaden om støtte til lunsjseminaret med 2000,-



Sak 39/19: Open post

Kyrkjegarden v/Rasmus

Det var sist år brukt mindre på kyrkjegarden enn budsjettet. Her er det viktig å halda oppe den gode standarden ein har hatt. Det er viktig å ha nok hjelp. Ein bør og ha meir hjelp utover hausten, då ein ser at somrane har vorte lengre.

Handicap-parkering v/Sigrid Fangel

Etter vegarbeidet som er gjort, er kyrkja blitt mykje vanskelegare tilgjengeleg. Kan ein laga parkeringsplassar for rørslehemma bak kyrkjegardshuset? Kan ein ta bort litt hekk? Nytt sokneråd bør ta tak i dette med ein gang vegarbeidet er avslutta.

Sak 40/19: Evaluering av kyrkjevalet Saka vart behandla først i møtet.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

Kyrkjevalet, som vart halde den 9. september, vart avvikla på korrekt vis i forhold til reglane som gjeld for slikt.

Soknerådet kom med innspel på kva som kan gjerast betre til neste val.

- Det var passe med 3 vakter om gongen, og 3 timar pr vakt.
- Me må ha universell utforming av sjølve avlukkene.
- Lokalet skulle vore betre merka. Kanskje oppslutnaden hadde vore betre då? Ein roll-up eller vimpel kunne gjort det meir synleg.
- Det var god deltaking på Fitjar i høve til landsbasis, men ikkje med tanke på oppslutnaden i kyrkja på Fitjar.
- Sist val var det mogleg å stemma 5 stader, denne gongen var det berre eit vallokale. Kanskje dette spela inn på talet på veljarar?
- Sist val var det mykje blest rundt valet grunna saka om vigsel av likekjønna som skulle handsamast i kyrkjemøtet. Denne gongen var det ingen saker som laga mykje merksemd.
- Listene som ligg ute i lokalet der veljarane kan sjå før dei skal stemma, bør liggja i same rekkjefølgje som inne i avlukka
- Vaktene bør ofte gå inn å sjå til at det er god orden i avlukka.
- Det bør vera litt servering til vaktene.
- Det er ønskje om betre presentasjon av kandidatane. Det låg på nett no. Det burde vore lettare tilgjengeleg. Malane som vart brukt, er kyrkjerådet sine eigne malar. Desse kunne vore betre.
- Det burde vore presentasjon av kandidatane i Kyrkjebladet.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 41/19: Arrangement i kyrkja sin regi Saka vart behandla som andre sak i møtet.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

Behandling i Fitjar sokneråd 25.september:

- 50-årsjubileum. Godt oppmøte og god stemning.
- Søndagsskulens dag i Årskog. Godt oppmøte. Positiv oppleving. Gode tilbakemeldingar frå Fitjar kommune.
- Konfirmasjonsundervisinga er starta opp. Det verkar til å vera to fine grupper. Bygdekvinnelaget stiller kvar gong med heimelaga mat.
- TenTreff. Randi er med annan kvar gong. Roald er og med nokre gonger. Det er godt oppmøte.
- Kyrkjekoret er i gang igjen. Det er med nokre nye songarar.
- Den gode hyrding – trusopplæringstiltak er gjennomført. Randi hadde ansvar for dette.
- Temakveld om Møte med døden. Her kom det spørsmål om det er noko sorggruppe no?

Kva skjer framover?

- Kyrkjelydstur til Helgatun 17.-18.april – Her bør me finna ein leiar alt no. Roald spør.
- Temakveldar med Sondre Bratland og Iver Kleive, og seinare med Per Arne Dahl.
- Neste soknerådsmøte vert i slutten av oktober. Då vert budsjett for 2020 behandla.
- Det vert felles juleavslutning saman med det nye soknerådet i Peraløo i starten av desember. Forslag 4/5. desember. Komite: Per Drønen.

Signering:

Sekretær

Leiar